

Sykkylven Helsehus

C.2 Tekniske krav- og funksjonsbeskrivelse

Kap. 2 Bygg, RIB

Oppdragsgjevar	Sykkylven kommune
Kommune	Sykkylven
Gard- og bruksnr.	14/377
Prosjektnr.	240170
Dato	14.06.2024
Revisjonsnr.	0



Dokumentinformasjon

Oppdrag	Sykkylven Helsehus
Oppdragsgjevar	Sykkylven kommune
Kontaktperson oppdragsgjevar	Ronny Utgård
Oppdragsleiar Nordplan	Trond Rindal
Rapport utført av	Malin Hallberg Friestad
Rapport utført av	Arve Rindal
Namn på bygg/tiltak/delprosjekt	Sykkylven Helsehus
Adresse	Auregata 17-19
Kommune, gards- og bruksnr.	Sykkylven/14/377
Bygningstype/tiltakstype	Ombygging
Prosjektfase	Tilbod

Revisjonsoversikt

Kvar revisjon signerast av eigenkontroll (EK) og sidemannskontroll (SK), tidlegare revisjonar skal behaldast for historikk. Nummer på gjeldande revisjon skal oppdaterast på framsida av rapporten.

Tabell 1

Rev. Nr.	Dato	Skildring	EK	SK

Innhald

Dokumentinformasjon	2
2 Bygningstekniske krav	4
20 Bygning generelt	4
Riving	4
Nye konstruksjonar	12
21 Grunn og fundament	15
213 Grunnforsterking	15
216 Direkte fundamentering	15
22 Bæresystemer	15
222 Søyler	15
223 Bjelkar	15
224 Avstivande konstruksjonar	15
225 Brannbeskyttelse av bærande konstruksjonar	15
23 Yttervegger	16
231 Bærande yttervegger	16
24 Innervegger	16
241 Bærande innervegger	16
25 Dekker	16
251 Frittstående dekker	16
252 Golv på grunn	17
253 Oppfora golv, påstøyp	17
27 Fast inventar	17
271 Murte piper og ildsteder	17
28 Trapper, Balkonger m.m.	17
281 Innvendige trapper	17
29 Opsjon	17

2 Bygningstekniske krav

Oppstilling i samsvar med NS3451.

20 Bygning generelt

Eksisterende konstruksjon, Auregata 17-19, er bygd i fleire etappar, oversikt over dei ulike etappene er skissert skjematisk på teikning B80.01.

I samband med at Auregata 17-19 skal byggast om til helsehus er det prosjekter tiltak for å ivareta vertikalbæring og avstiving av bygget. Teikning og berekningsgrunnlaget for bygget er varierende og til tider mangelfullt for dei ulike byggeetappene. Spesielt er dokumentasjon på avstivinga til bygget mangelfull. RIB har derfor gjort ein vurdering av avstivinga til bygget og prosjektert inn nye betongveggar der avstivande lettklinker-eller betongveggar blir heilt eller delvis fjerna mellom akse 1-6. Mellom akse 6-8 er det prosjektert inn nye avstivande veggfelt med OSB-plater.

Tiltak for å ivareta bæring er lista opp i tabell 2 og 3 under; tabell 2 er oversikt over rivingsarbeid og tabell 3 er oversikt over nye konstruksjonar. Det vert vist til vedlagte teikningar for utfyllande informasjon, materialkvalitetar og omfanget av arbeidet i tillegg til generell tekst under punkt for bygningsdelkapittel jamfør NS3451.

Riving

For generell tekst, sjå punkt for bygningsdelkapittel jamfør NS 3451 s.15-17 i dette dokumentet.

For dimensjonar/mengder på utsparingar og riving av vegg, sjå plan og snitt teikningar.

For riving av overflater og ikkje bærande konstruksjonar, sjå ARK beskrivelse.

For utsparingar for ventilasjonskanalar og elektro, sjå VVS og EL beskrivelse.



For miljøsanering sjå vedlegg «Miljøsaneringsbeskrivelse Sykkylven Helsehus».



For brannkrav, sjå brannkonsept.



Alle naudsynte arbeidsoperasjonar for å utføre rivearbeid, slik som f.eks. stemming, riving og reetablering av fasadekledning etc. skal inkluderast i pris.



Tabell 2 Riving av bærekonstruksjonar



Nr.	Plassering	Tiltak	Riveomfang	Teikning
1	Akse B-C/1-2	Riving for gjenstøyping av eksist. trappesjakt i dekke over 1.etg.	Fjerning av golv på grunn og graving for nytt fundament. Pigging/saging av betongkant akse C. Alle hjørner forborast, det skal ikkje sagast forbi i hjørner. Riving av eksist. trapp sjå ARK beskrivelse.	B41.01-Snitt 1, B20.01




Nr.	Plassering	Tiltak	Riveomfang	Teikning
			 <p data-bbox="727 797 994 824"><i>Bilde 1 Eksisterande trapp</i></p>	
2	Akse C/1-2	Etablering av nye vindu i 1.etasje og utsparing for ventilasjon i 2.etasje	Fasade demonterast lokalt. Vindusutsparingar og utsparing for ventilasjon i betongvegg t=ca.200mm takast når stålkonstruksjon rundt utsparingar er montert og nye avstivande veggjar mellom akse 4-6 er etablert. Alle hjørner forborast, det skal ikkje sagast forbi i hjørner.	B41.01-Snitt 2, B20.01, B20.02
3	Akse B-D / 2-3	Riving i fbm tetting av gamal trappesjakt i dekke over 1.etg; rive pipe til kjellar. Rive veggjar i 1.etg.	<p data-bbox="727 1115 1244 1413">Eksisterande betongveggjar (3 stk, t=ca.150mm), betongdekke og trebjelkelag rivast. Pipe rivast frå 2.etg. til kjellar. Betongkonstruksjonar og pipe rivast etter at stempling er etablert og stålførsterking er montert. I kjellar rivast vegg ved pipe (t = ca.100mm, truleg lettklinker) i akse B forsiktig, sidan veggen har ukjend funksjon.</p>  <p data-bbox="727 2024 1225 2085"><i>Bilde 2 Eksisterande betongdekke og trebjelkelag (do.1.etg.) som skal rivast.</i></p>	B41.01-Snitt 3, B20.U1, B20.01, B20.02


Nr.	Plassering	Tiltak	Riveomfang	Teikning
			 <p>Bilde 3 Pipe rivast frå do.2.etg. til kjellar. Vegg ved pipe rivast forsiktig.</p>  <p>Bilde 4 Dekke stemplast, utveksling av veggjar etablerast og veggjar og pipe rivast.</p>	
4	Akse B-C/2-3	Riving ifbm tetting av eksist. trappeutsparing i dekke over u.etg.	Riving av golv på grunn plan U1 for etablering av fundament. Riving av eksist. trapp, sjå ARK beskrivelse.	B41.02-Snitt 4, B20.U1


Nr.	Plassering	Tiltak	Riveomfang	Teikning
			 <p data-bbox="730 1104 1061 1128"><i>Bilde 5 Eksisterande trapp rivast.</i></p>	
5	Akse B/3-C/ 3	Riving ifbm tetting av eksist. trappeutsparing i dekke over u.etg.	<p data-bbox="730 1189 1214 1317">Riving av golv på grunn plan U1 for etablering av fundament. Riving av eksist. løfteplattform sjå RIE beskrivelse.</p>  <p data-bbox="730 1702 1173 1727"><i>Bilde 6 Dekkekant i sjakt for løfteplattform.</i></p>	B41.02-Snitt 5, B20.01
6	Akse C/3-4	Utsparingar i betongveggar	<p data-bbox="730 1794 1241 1951">Utsparingar i eksisterande betongveggar (t=ca.200mm) takast når nye betongveggar (mellom akse 4-6) og stålforsterking er på plass. Alle hjørner forborast, det skal ikkje sagast forbi i</p>	B41.02-Snitt 6a og 6b, B20.01, B20.02

Nr.	Plassering	Tiltak	Riveomfang	Teikning
			<p>hjørner.</p>  <p>Bilde 7 Delar av vegg i 1.etg. skal rivast.</p>  <p>Bilde 8 Delar av vegg i 2.etg. i akse 3-4/C skal rivast.</p>	
7	Akse A/3-5 og B/1	Tak over inngangsparti	Riving av fasadekledning for montering av tak over inngangsparti.	B41.03-Snitt 7
8	Akse A-B/5-4	Etablering av ny trappesjakt og heissjakt	<p>Riving av trebjelkelag i do.u.etg. Riving av lettklinkervegg når betongvegger er etablert. Riving av golv på grunn i u.etg. i område ved trapp og rom 016. Rive betonggolv do.u.etg og do.1.etg.</p>  <p>Bilde 9 I området bak søyla på bilete skal golv på grunn rivast(u.etg.).</p>	B41.03-Snitt 8a og 8b, B20.U1, B20.01

Nr.	Plassering	Tiltak	Riveomfang	Teikning
			 <p>Bilde 10 Tidlegare trappeutsparing som skal rivast i do.u.etg.</p>  <p>Bilde 11 Lecavegg til høyre på bilete skal rivast.</p>	
10	Akse 4/B+	Utsparing for gang og VVS	Utviding av eksist. utsparing i betongvegg t=ca.200mm.	B41.04-Snitt 10. B20.01
11	Akse C-E/4-5	Tetting av eksist. trapp- og heissjakt do.1.etg.	Riving av betonggolv for nytt fundament. Utviding av eksisterende utsparing. Pigging av dekkekant langs akse E for å ivareta nok	B41.04-Snitt 11. B20.01

Nr.	Plassering	Tiltak	Riveomfang	Teikning
			oppleggsbreidde for nytt dekke.  <p>Bilde 12 Eksisterende trapp og heis.</p>  <p>Bilde 13 Eksisterende trapp og heis.</p>	
12	Akse B/6	Utsparing for dør	Utsparing i lettklinkervegg.	B41.04-Snitt 12. B20.01
13	Akse C-D/6	Utsparing for dør	Utsparing i lettklinkervegg	B41.04-Snitt 13. B20.01
14	Akse D-E/6+	Riving ifbm tetting av eksist. trapp- og heisutsparing i dekke over u.etg.	Riving av eksist. tredekke i do.u.etg. Riving av eksist. løfteplattform sjå RIE beskrivelse.  <p>Bilde 14 Eksist. dekke i tidligere trapperom</p>	B41.04-Snitt 14, B20.01

Nr.	Plassering	Tiltak	Riveomfang	Teikning
			 <p>Bilde 15 Eksist. løfteplattform</p>	
15	Akse A/4-6	Forsterking av vegg i akse A. Utsparingar i vegg	Utsparingar i lettklinkervegg. Golv på grunn rivast i området akse A-E/4-6.	B41.05-Snitt 15. B20.01. B20.02.
16	Akse C/4-6	Ny betongvegg i 1. og 2. etg.	Lettklinkervegg 1.etg. rivast etappevis. Utsparingar i eksisterande betongbjelke for ventilasjonskanalar. Golv på grunn rivast i området akse A-E/4-6.	B41.20-Snitt 52. B20.01.
17	Akse E/4-6	Ny betongvegg i 1. og 2. etg.	Utsparingar i lettklinkervegg i 1. og 2.etasje takast etter at ny betongvegg er etablert. Golv på grunn rivast i området akse A-E/4-6.	B41.20-Snitt 50 og 51. B23.01. B23.02.
18	Akse B/5 og C/5	Forsterke søylepunkt	Del av lettklinkervegg rivast inntil søylepunkt. Golv på grunn rivast i området akse A-E/4-6.	B41.20-Snitt 50 og 52. B20.01. B20.02.
19	Akse A-E/5	Ny betongvegg	Lettklinkervegg 1.etg. rivast etappevis. Golv på grunn rivast i området akse A-E/4-6.	B41.20-Snitt 50. B20.01
20	Akse A-E/4-6	Fjerne fliser	Eksisterande fliser på golv skal fjernast, ujamne fugemasserestar slipast vekk slik at ein får eit jamt underlag for tilfarargolv.	

Nr.	Plassering	Tiltak	Riveomfang	Teikning
21	Akse A/1	Rive delar av betonggangfelt/inngangsparti for å etablere ny yttervegg.	Betongpåstøyp rivast. Øvrig riving av fasadekledning kfr. ARK.  Bilde 16 Eksisterande inngangsparti skal rivast og ny yttervegg skal etablerast.	B23.01,

Nye konstruksjonar

For generell tekst, sjå punkt for bygningsdelskapittel jamfør NS 3451 s.15-17 i dette dokumentet.

Dimensjonar og mengder på nye bærekonstruksjonar er estimerte. Endelege dimensjonar blir dimensjonert i detaljfasen. Oversikt over førebels estimerte betong-og stålmengder er lista opp på teikning B160.01, B260.01 og B260.02.

Tabell 3 Etablering av nye bærekonstruksjonar

Nr.	Plassering	Tiltak	Nye konstruksjonar	Teikning
1	Akse B-C/1-2	Tetting av eksist. trappesjakt dekke over 1.etg.	Etablering av nytt fundament og reetablering av golv på grunn. Etablering av stålbæring og betongdekke, sjå teikning. Innfesting delvis i eksist. konstruksjon og i nye stålkonstruksjonar.	B41.01-Snitt 1, B22.01, B23.U1, B23.01.
2	Akse C/1-2	Etablering av nye vindu i 1.etasje og utsparing for ventilasjon i 2.etasje	Upe-profilar boltast til betongvegg rundt der det skal lagast utsparing. Det støypast ei søyle i eksist. vindusutsparing mellom nye vindusopningar i 1.etasje. Fasade reetablerast.	B41.01-Snitt 2, B23.01, B23.02
3	Akse B-D/2-3	Tetting av gamal trappesjakt i dekke over 1.etg, utveksling av pipe i dekke over 2.etg	Stålförsterking med nye fundament etablerast. Nytt dekke av korrugerte stålplater og 200mm betong. Dekkeutsparing støypast igjen der pipe har vore. Reetablere golv på grunn.	B41.01-Snitt 3, B22.01, B23.U1, B23.01, B23.02

Nr.	Plassering	Tiltak	Nye konstruksjonar	Teikning
4	Akse B-C/2-3	Tetting av eksist. trappeutsparing i dekke over u.etg.	Nytt dekke av korrugerte stålplater og betong. Ny stålforsterking med fundament. Bygge oppatt golv over fundament.	B41.02-Snitt 4, B22.01, B23.U1
5	Akse +B3-C3	Tetting av eksist. heisutsparing i dekke over u.etg.	Nytt dekke av korrugerte stålplater og betong. Ny stålforsterking med fundament. Bygge oppatt golv over fundament.	B41.02-Snitt 5, B22.01, B23.U1
6	Akse C/3-4	Forsterking av avstivande vegg i 1. og 2.etasje med stålkonstruksjonar	Stålforsterking rundt utsparingar i eksisterande betongvegg. Nytt opplegg for eksist. bjelke i do.2.etg på ny UPE.	B41.02-Snitt 6a og 6b, B23.01, B23.02
7	Akse A/3-5 og akse B/1	Tak over inngangsparti og avstivande skivefelt med betong.	Tak over inngangsparti med stålbæring festast til eksist. betong-/lettklinkervegg. Stål skal galvaniserast då kondens kan forekomme. Det støypast/murast igjen med betong i eksisterande vindusutsparingar i akse A/-4-4. Reetablering av fasade.	B41.03-Snitt 7, B23.01, B23.02
8	Akse A-B/5-4	Etablering av ny trappesjakt og heissjakt	Nye betongveggar. Nytt golv på grunn. Nytt betongdekke med forsterka sidekantar. Nye fundament. Stålopplegg akse A.	B41.03-Snitt 8a og 8b, B22.01, B23.U1, B23.01, B23.02
9	Akse E/3-4	Forsterking av betongvegg i 1.etg. for ventilasjonskanalar	Forsterking med stålbejler som boltast til betongvegg.	B41.04-Snitt 9. B23.01
10	Akse 4/B+	Utsparing for gang og VVS i 1.etg.	Del av utsparing støypast igjen. Stålforsterkingar monterast.	B41.04-Snitt 10. B23.01
11	Akse D-E/4-5	Tetting av eksist. trappesjakt do.1.etg.	Nytt dekke av korrugerte stålplater og betong. Nye stålkonstruksjonar. Nytt fundament.	B41.04-Snitt 11. B23.01
12	Akse B/6	Utsparing for dør i lettklinkervegg.	Stålforsterking rundt utsparing, boltast delvis til betong, delvis til lettklinker. Eksisterande utsparing for dør tettast med lettklinkerblokker.	B41.04-Snitt 12. B22.01, B23.01
13	Akse C-D/6	Utsparing for dør i lettklinkervegg.	Stålforsterking rundt utsparing, boltast delvis til betong, delvis til lettklinker.	B41.04-Snitt 13. B23.01
14	Akse D-E/6+	Tetting av trapp-og heissjakt i do.u.etg.	Nytt dekke av korrugerte stålplater og betong. Holdekanalar langs sidekant av dekke støypast ut for inngysing av jern. Stålbejler som dekkeopplegg monterast til lecavegg.	B41.04-Snitt 14. B23.U1

Nr.	Plassering	Tiltak	Nye konstruksjonar	Teikning
15	Akse A/4-6	Forsterking av vegg i 1. og 2.etasje.	Stålforsterking rundt utsparingar og for å forsterke vegg sin bæreevne. Nye fundament.	B41.05-Snitt 15. B22.01, B23.01. B23.02.
16	Akse C/4-6	Nye betongveggar i 1. og 2. etg.	Betongveggar. Sjå prosedyre D) teikn. B41.20.	B41.20-Snitt 50 og 52. B23.01. B23.02.
17	Akse E/4-6	Nye betongveggar i 1. og 2. etg.	Betongveggar. Sjå prosedyre B) teikn. B41.20.	B41.20-Snitt 50 og 51. B23.01. B23.02.
18	Akse B/5 og C/5	Forsterke søylepunkt i 1.etasje	UPE boltast til begge sider av søyle. Armering gysast gjennom eksist. betongsokkel i akse 5 i fundamentnivå. Masser under nye fundament må forsterkast nøye før nye fundament etablerast. Sjå prosedyre A) teikn. B41.20.	B41.20-Snitt 50 og 52. B22.01, B23.01.
19	Akse A-E/5	Ny betongvegg/bjelkar i 1.etasje	Betongvegg/bjelkar. Sjå prosedyre C) teikn. B41.20.	B41.20-Snitt 50. B22.01, B23.01.
20	Akse A-E/4-6	Tilfarargolv for å rette av skeivt golv i 2.etasje.	Det skal etablerast eit tilfarargolv med lekter 48mm ca. c/c 400, sponplate 22mm og golvbelegg direkte på sponplatene. Snitthøgde ca. 80mm. Lektene må justerast med klosser/kiler til rett høgde slik at ein får eit beint golv. Innvendig lettveggar etablerast før ein bygger opp tilfarargolv.	NBI byggdetaljblad nr. 522.362
21	Akse A/1	Sokkel for ny yttervegg i 1.etasje.	Etablere sokkel HxB=200x200 for ny yttervegg på eksist. grunnmur, lengde=1800mm+1700mm. Ny sokkel skal gysast fast. Avrette golv. Ny yttervegg sjå ARK beskrivelse.	
22	Akse 6-8	Etablering av avstivande felt med kryssfinerplater i 1.etasje	OSB t=18mm i 2 lag i felt langs ytterveggar.	B23.01
23	Akse C-E/4	Forsterking av lettklinkervegg i 2.etasje	Lettklinkervegg påforast med 18mm OSB plate på begge sider. Plater lektast ut 48mm frå lettklinkervegg.	B23.02
24	Akse A-E/6-8	Tilfarargolv for å utjamne høgdeforskjell mellom dekk i plan 1.	Det skal etablerast eit tilfarargolv med lekter 48mm ca. c/c 400, sponplate 22mm og golvbelegg direkte på sponplatene. Snitthøgde ca. 100mm. Lektene må justerast med klosser/kiler til rett høgde	NBI byggdetaljblad nr. 522.362

Nr.	Plassering	Tiltak	Nye konstruksjonar	Teikning
			slik at ein får eit beint golv. Innvendig lettveggar etablerast før ein bygger tilfarargolv.	
25	Akse C-E/3-4	Påstøyp på eksist. golv på grunn	Golv ligg ca. 120mm lavare enn golv i akse A-C. Nytt golv skal ha fall mot utgang og tilpassast eksist utvendig. Det skal sikrast god heft til eksist. betongdekke.	Sjå mengde i tabell B60.05.
26	Akse A-D/1-4	Avretting u.etg, 1.etg og 2.etg.	Eksisterande dekker rettast av med avrettingsmasse 0-40mm.	

21 Grunn og fundament

Omfattar grunnforsterking og fundament.

213 Grunnforsterking

Det skal generelt forsterkast i grunnen med komprimerte masser der nye fundament skal etablerast.

216 Direkte fundamentering

Nye bærekonstruksjonar som går til grunnivå skal ha fundament. Estimerte dimensjonar framgår av vedlagde teikningar.

Nye betongfundament armerast med ca.150 kg/m³. Mengde avreknast etter bøyeliste.

22 Bæresystemer

222 Søyler

Stålsøyler skal ha påsveiste endeplater i begge endar med bolteforbindelse. Ein kan generelt anta for priskalkulering at alle UPE søyler skal boltast i heile si høgde med gjennomgåande inngyste boltar M16 c/c 250. Gysemasse Hilti HIT-HY 200A eller likeverdig. Søyler skal generelt understøypast med ekspanderande masser og skal aktiviserast i topp. Dei søylene som går til fundament skal korrosjonsbeskyttast med Zinga sinkmaling el.likev. frå overkant golv på grunn og heile fotplate.

223 Bjelkar

Stålbjelkar skal ha påsveiste endeplater for bolteforbindelse. Bjelkar skal også ha påsveiste stegplater ved opplegg. Ein kan generelt anta for priskalkulering at alle UPE bjelkar skal boltast i heile si lengde med gjennomgåande inngyste boltar M16 c/c 250. Gysemasse Hilti HIT-HY 200A eller likeverdig.

For nye betongbjelkar må tiltak for å sikre full kontakt mellom overkant nye betongbjelkar og underkant eksisterande dekke vurderast for kvar enkelt bjelke. Det kan vere aktuelt å ta lokale hol i dekke over ny betongbjelke for å sikre god utstøyping.

Nye betongbjelkar armerast med ca. 225 kg/m³. Mengde avreknast etter bøyeliste.

224 Avstivande konstruksjonar

Dei nye avstivande betongveggane i ny trappesjakt og mellom akse 4-6 må etablerast før det kan takast ut sparingar i eksisterande betongveggar.

225 Brannbeskyttelse av bærnde konstruksjonar

Alt stål skal brannisolerast med Conlit 150 20mm el.likev. og kles inne med gips. Kfr. ARK beskrivelse for overflater. Sjå brannkonsept for brannklasse.

23 Yttervegger

231 Bærande yttervegger

Utstøyping for å sikre full kontakt mellom overkant nye betongvegger og underkant eksisterande dekke/bjelke må vurderast for kvar enkelt vegg.

Forslag til løysingar for god utstøyping av veggjar:

- Etablere mindre hol i eksist. vegg/dekke over nye veggjar som reetablerast når utstøyping er utført.
- Auke breidda på vegg lokalt i overkant.
- bolte fast ein stålbjelke i taket som ein støyper veggjen opp mot og som overfører horisontalkreftene i veggane via skjærboltar og bjelke til dekke.

Løysing for å sikre god utstøyping av nye betongvegger vurderast i samråd med RIB i detaljfasen.

Det skal generelt gysast inn jarn $\varnothing 12$ c/c 250 med HILTI HIT-HY 200A eller likeverdig langs alle sidekantar av betongvegg, overkant og underkant.

Nye betongvegger armerast med ca.130 kg/m³. Mengde avreknast etter bøyeliste.

24 Innervegger

241 Bærande innervegger

Utstøyping for å sikre full kontakt mellom overkant nye betongvegger og underkant eksisterande dekke/bjelke må vurderast for kvar enkelt vegg.

Forslag til løysingar for god utstøyping av veggjar:

- Etablere mindre hol i eksist. vegg/dekke over nye veggjar som reetablerast når utstøyping er utført.
- Auke breidda på vegg lokalt i overkant.
- bolte fast ein stålbjelke i taket som ein støyper veggjen opp mot og som overfører horisontalkreftene i veggane via skjærboltar og bjelke til dekke.

Løysing for å sikre god utstøyping av nye betongvegger vurderast i samråd med RIB i detaljfasen.

Det skal generelt gysast inn jarn $\varnothing 12$ c/c 250 med HILTI HIT-HY 200A eller likeverdig langs alle sidekantar av betongvegg, overkant og underkant.

Nye betongvegger armerast med ca.130 kg/m³. Mengde avreknast etter bøyeliste.

25 Dekker

251 Frittberande dekker

Nye betongdekker skal etablerast med t=200mm og korrugert stålplate, ca. maks høgde 110mm, som forskaling. Alle sidekantar skal gysast fast med $\varnothing 12$ c/c250 og HILTI HIT-HY 200A eller likeverdig. Ein må rekne med at eksisterande betongdekker er noko tynnare enn 200mm og at det derfor må tettast rundt sidekantar under støyping.

Nytt dekke armerast med ca. 120 kg/m³. Mengde avreknast etter bøyeliste.

For mengde betong og areal stålplate, sjå teikning B160.01 Skjema betong.

252 Golv på grunn

For omfang og ny tykkelse på golv på grunn, sjå B22.01 Fundamentplan. Golv på grunn i u.etasje mellom akse 1-4 skal gysast fast langs alle sidekantar fast med ca. $\varnothing 12$ c/c250 og HILTI HIT-HY 200A eller likeverdig. Det skal etablerast fuge rundt ny søyler.

Overkant høgde på nytt golv på grunn mellom akse A-E/4-6 tilpassast overkant eksisterande golv i plan 1 mellom akse 1-4.

Oppbygging nytt golv på grunn:

- Drenslag av pukkkomprimerast
- Min. 200mm trykkfast isolasjon
- Plastfolie med min. 200mm omfar
- Armert betong

Nye golv på grunn armerast med ca. 110 kg/m³. Mengde avreknast etter bøyeliste.

253 Oppfora golv, påstøyp

På grunn av begrensa lastkapasitet til eksisterande dekker i delar av 1.etasje og heile 2.etasje kan eksisterande dekker kun minimalt avrettast.

Plan 2 mellom akse A-E/4-6 har særskilt stor nedbøyning/setning. Her er nivåforskjell mellom opplegg langs ytterveggane (i akse A og E) og til felt opp mot 80mm. Dekket er kun dimensjonert for ei last på 150kg/m². Dekke skal derfor avrettast med å bygge opp eit tilfarargolv, sjå pkt. 20 i Tabell 2 og Tabell 3. Ferdig golv mellom akse 4-6 skal tilpassast ferdig golv mellom akse 1-4, merk at det er ein del nivåforskjell mellom akse 1-4 og akse 4-6 som skal utjamnast med tilfarargolvet. Høgdeforskjellen i gangen i akse 4 er ca. 70mm.

27 Fast inventar

271 Murte piper og ildsteder

Eksisterande pipe skal tettast tilstrekkeleg i underkant slik at den tilfredsstiller brannkrav. Sjå eige punkt for forsterking og riving, pkt.3 i tabell over.

28 Trapper, Balkonger m.m.

281 Innvendige trapper

Det skal etablerast ein ståltrapp med istøpt mørtel i trinna i den nye trappesjakta. Trappa skal tilfredsstille last for trapp i kontorlokale jamfør NS-EN 1991-1-1. Laster som skal overførast frå trapp til vegg og dekke skal oversendast i god tid før utførelse til RIB.

Trapp kan monterast til vegg og nytt dekke i trappesjakt. Eventuelt ekstra bærepunkt må medtakast i tilbod frå entreprenør.

Trapp skal tilfredsstille brannkrav R30. Sjå ARK for utforming.

29 Opsjon

Carport tas med som opsjon. Fundament, stålsøyler kledd med treplater og tak i trekonstruksjon. Sjå ARK beskrivelse og teikning.